

Nytt kufjøs – frå idè til byggestart



Kurs på Jæren

Gjennom kursopplegget vil du få overblikk, kunnskap og lære meir om kva du må tenke gjennom når du skal planlegge nytt kufjøs – frå A til Å.

Korleis skal bygning og ventilasjon vera, korleis få god logistikk og dyreflyt, kva mjølkesystem og grovfôrmekanisering er aktuell, korleis skal kyr, ungdyr og kalvar ha det? Korleis gå fram frå tanke om nytt fjøs til god drift i det nye fjøset?

Foredragshaldarane er veterinær, bygningsplanleggjar, økonomirådgjevar, rådgjevarar på bygg, teknikk og ventilasjon, samt byggeleiar.

Opplegget vil bli gjennomført på Jæren i denne omgang. På grunn av stor påmelding utvidar vi til eit dagskurs og eit kveldskurs med 4 samlingar i vekedagar og 3 lørdagar med fjøsbesøk i løpet av oktober 2015 – mars 2016.

Max 15 deltakarar pr. kurs. Påmeldingsfrist 01.10.2015.

Deltakaravgift kr. 5.100 – inkludert matsservering alle dagar, 50% reduksjon for deltakar nr. 2 frå same produsent.

Informasjon og påmelding Ingve Dubland tlf. 9160 0637 eller Torfinn Nærland tlf. 9962 8327

Program

Dag- og kveldsamlingane vil vera på Særheim i Klepp. Fjøsbesøka vil bli på Jæren.

Faglege tema - samlingar kl. 11.00-15.00 eller kl. 19-22 på vekedagar:	
20.10.2015	<ul style="list-style-type: none">• Prosess frå tanke nytt fjøs til godt etablert drift i nytt fjøs <i>økonomirådgjevar Torfinn Nærland - TINE Rådgiving</i>• Dyrevelferd og planlegging for ulike dyregrupper <i>veterinær Kay Arne Aarset og bygningsplanleggar Svein Åge Vangdal - Tine Rådgiving</i>
18.11.2015	<ul style="list-style-type: none">• Logistikk, dyreflyt og arbeidsrasjonalitet <i>fagrådgjevar Ingve Dubland - Tine Rådgiving</i>• Bygningskropp og ventilasjon <i>Paul Terje Haarr - Grude Bygg og fagrådgjevar Ingve Dubland - Tine Rådgiving</i>• Betongarbeid, golv, gjødsellager og husdyrgjødselhandtering <i>Paul Terje Haarr - Grude Bygg</i>
14.01.2016	<ul style="list-style-type: none">• Mekanisering av grovfôrhandtering <i>fagrådgjevar Cathinka Jerkø - Tine Rådgiving</i>• Mjølkesystem <i>fagrådgjevarar Lars Byberg Timpelen og Ingve Dubland - Tine Rådgiving</i>• Servicerom - tankrom, smittesluse, kontor <i>Alf Ivar Løge - Tine Gardstank og fagrådgjevar Ingve Dubland - Tine Rådgiving</i>
02.03.2016	<ul style="list-style-type: none">• Budsjett nytt bygg og prisinnhenting, kontraktar <i>byggeleiar Magnar Emil Eggebø</i>• Driftsplan og finansiering av utbygging og produksjon <i>økonomirådgjevar Alf Hadland/Torfinn Nærland, TINE Rådgiving</i>• Supplerande tema/fordjuping i tema – deltakarane velger
Fjøsbesøk på lørdagar kl. 10-15:	
3 fjøsbesøk pr. dag:	Tema for besøka vil vera direkte knyta til dei ulike teoretiske
07.11.2015,	tema som vert gjennomgått på kurskveldane
12.12.2015 og	
06.02.2016	

Vi vil gjennom fjøsbesøka legge vekt på å sjå eit spenn av ulike tekniske løysingar for korleis fjøs kan byggast, og både små og store fjøs, nye fjøs og folkefjøs.

Det vil vera maksimalt 15 deltakarar pr. kurs, slik at du i løpet av desse 7 kursøktene blir kjent med gode kollegaer som også vil bygge fjøs. Etterpå vil du ha nokon i same situasjon å diskutere med, og som du saman med kan reise og besøke endå fleire fjøs.